



Saknr. 06 / 5048	064
Vedlegg 1	2

SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200808012
Arkivnr. 146
Sakshandsamar Haugland, Tone Stedal

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	19.08.08	88/08
Fylkesutvalet	27.08.08	190/08

LØKEN-UTVALET - FRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 19.08.08

Berit W. Eldøy sette fram slikt forslag på vegner av H, Frp, R, Sp, SV og A:

” Tillegg punkt 3

Hordaland fylkeskommune ser det som nasjonalt naudsynt at staten stimulerer og byggjer opp alternative kunstfaglege kompetansmiljø, arenaer og forvaltningsordningar som motvekt mot den tiltakande sentralisering i norsk kunst- og kulturliv.”

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Eldøy sitt fellesforslag vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

- Løken-utvalet peikar på trongen for meir systematisk og kontinuerleg innhenting av kunnskap, mellom anna om korleis gjeldande tilskotsordningar samspekar med andre tilskotsordningar. Hordaland fylkeskommune ber Kultur- og kyrkjedepartementet om å ta initiativ til ein meir systematisk gjennomgong av heilskapen i norsk kulturforvaltning, med vekt på samhandling og oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa. I dette arbeidet må og regionale interesseorganisasjonar trekkast inn.
- Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegget om at det må opprettast ordningar for vidareføring av støtte (”videreføringsstøtte”).
- Løken-utvalet peikar på dei utfordringar som gjeld omsynet til naudsynt desentralisering og spreing av skjønnsutøving når det gjeld tildeling av kulturmidlar. Kultur- og kyrkjedepartementet må følgja opp arbeidet med retningslinjer og utforming av praksis som sikrar at desse omsyna vert ivareteke.
Hordaland fylkeskommune ser det som nasjonalt naudsynt at staten stimulerer og byggjer opp alternative kunstfaglege kompetansmiljø, arenaer og forvaltningsordningar som motvekt mot den tiltakande sentralisering i norsk kunst- og kulturliv.

Sigmund Olsnes sette fram slikt forslag:

”Endring i innstillinga pkt. 3 slik:
... byggjer opp alternative *regionale* kunstfaglege...”

Innstillinga med Olsnes sitt forslag til endring vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Løken-utvalet peikar på trongen for meir systematisk og kontinuerleg innhenting av kunnskap, mellom anna om korleis gjeldande tilskotsordningar samspelar med andre tilskotsordningar. Hordaland fylkeskommune ber Kultur- og kyrkjedepartementet om å ta initiativ til ein meir systematisk gjennomgang av heilskapen i norsk kulturforvaltning, med vekt på samhandling og oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa. I dette arbeidet må og regionale interesseorganisasjonar trekkjast inn.
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegget om at det må opprettast ordningar for vidareføring av støtte (“videreføringsstøtte”).
3. Løken-utvalet peikar på dei utfordringar som gjeld omsynet til naudsynt desentralisering og spreiding av skjønnsutøving når det gjeld tildeling av kulturmidlar. Kultur- og kyrkjedepartementet må følgja opp arbeidet med retningslinjer og utforming av praksis som sikrar at desse omsyna vert ivareteke.

Hordaland fylkeskommune ser det som nasjonalt naudsynt at staten stimulerer og byggjer opp alternative regionale kunstfaglege kompetansemiljø, arenaer og forvaltningsordningar som motvekt mot den tiltakande sentraliseringa i norsk kunst- og kulturliv.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 28. august 2008

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Miklud Børseth